

# Saksframlegg

Sak nr	Utval	Kode	Møtedato
126/20	Formannskapet	PS	21.10.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Morten Storebø	FA-F11	15/1192

## Nye ferjeruter - evaluering og justeringar

### Formannskapet - 126/20

#### **Handsaming:**

Framlegg frå Høgre, ved Morten Storebø

Ordførar får mynde til å formulere ein høyringsuttale på vegna av formannskapet, ut frå det som har kome fram i debatten i møtet.

#### Røysting:

Framlegg frå Høgre vert samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Ordførar får mynde til å formulere ein høyringsuttale på vegna av formannskapet, ut frå det som har kome fram i debatten i møtet.

#### **Tilråding frå ordførar:**

#### **Vedlegg:**

Nye ferjeruter - evaluering og justeringar	29.09.2020
Hufthamar-Krokeide	19.10.2020
Husavik-Sandvikvåg	19.10.2020
Årsrapport Skyss 2019	19.10.2020

#### **Bakgrunn for saka:**

Vestland fylkeskommune ved Skyss har bede Austevoll kommune om skriftlege innspel om ruteendringar for sambanda Hufthamar-Krokeide og Husavik-Sandvikvåg.

Innspelsfristen er innan november i år.

Austevoll formannskap er delegert mynde frå kommunestyret til å «gi høyringsuttaler på vegne av Austevoll kommune».

Austevoll kommunestyre og formannskap har jamleg til behandling spørsmål eller saker om ferjetilbodet til og frå kommunen, til dømes billett-kostnader, innkrevjingssystem, opningstider og frekvens. I denne saka er kommunen beden om å kome med innspel til nye ferjeruter, og saka er avgrensa til dette, sjølv om det kan vere freistande å også ta inn fleire tema i svaret vårt.

Skyss skriv i brevet:

*«Utgangspunktet for ruteendringar vil vere justeringar som bidrar til best mogleg samanheng i linjenettet, og tilpassa reisebehovet. Til dømes endringar som gir betre korrespondansar mellom ferje og andre transportmiddel, betre tilpassa rutetider for arbeidspending, eller andre*

*justeringar som forbetrar tilbodet for fleire. Handlingsrommet for eventuelle justeringar i 2021 vil vere dagens rammer for ladetid.»*

Både auka opningstid og frekvens er veletablerte ønske og krav frå Austevoll kommune, og som bør takast inn i denne saka.

Trafikkmengde er rekna som personbileiningar, forkorta PBE. PBEÅDT er dagleg trafikkmengde. Opningstid er rekna som tida mellom første og siste avgang frå same ferjeleie. Avgang kl. 00.20 natt til søndag frå Krokeide blir rekna med i laurdagsruta og ikkje søndag.

#### **Hufthamar-Krokeide:**

Trafikkmengda i 2019 var 436.322 PBE og 1.195 PBEÅDT. Talet på køyretøy var 303.861 og ferjene frakta 582.861 passasjerar.

Det er verd å merke seg at det har vore ein reduksjon i trafikken frå 2018 til 2019, og at 2019-tala berre er nokre tusen høgare enn i 2017.

Hufthamar-Krokeide er likevel det klart mest trafikkerte ferjesambandet til fylkeskommunen.

Til samanlikning frakta sambandet Hatvik-Venjanaset, som er fylkets nest største, 401.976 PBE i 2019. Talet på køyretøy i dette sambandet er 331.262, altså høgare enn i Hufthamar-Krokeide, noko som kan forklarast med at talet på lange køyretøy er nesten er halvparten. Delen lange køyretøy i Hufthamar-Krokeide er 9 prosent, medan talet for Hatvik-Venjanaset er 5 prosent.

#### **Kvardagar:**

- 21 rundturar
- Første avgang kl. 05.55 frå Hufthamar og kl. 06.40 frå Krokeide.
- Siste avgang kl. 22.35 frå Hufthamar og kl. 23.20 frå Krokeide.
- Opningstida er 16 timar og 40 minutt.

9 av rundturane på kvardagar er trafikkert av ferje II, M/F «Horgefjord».

#### **Laurdagar:**

- 12 rundturar i sambandet
- Første avgang kl. 05.55 frå Hufthamar og kl. 06.40 frå Krokeide.
- Siste avgang kl. 22.35 frå Hufthamar og kl. 00.20 frå Krokeide.
- Opningstida er 16 timar og 40 minutt frå Hufthamma og 17 timar og 40 minutt frå Krokeide.

Ferje II er ikkje i drift på laurdagar.

#### **Sundagar:**

På sundagar er det høvesvis vinter- og sommarruter. Sommarperioden varar frå 1. april til 31. oktober.

- 11 rundturar mellom 1. november og 31. mars.
- 16 rundturar mellom 1. april og 31. oktober.
- Første avgang kl. 07.25 frå Hufthamar og kl. 08.10 frå Krokeide.
- Siste avgang kl. 22.35 frå Hufthamar og kl. 23.20 frå Krokeide.
- Opningstida er 15 timar og 10 minutt.

Dei 6 turane på sommaren blir trafikkerte av ferje II, medan denne ferja ikkje er i drift i

vinterperioden.

### **Husavik-Sandvikvåg:**

Trafikkmengde i 2019 var 91.404 PBE og 250 PBEÅDT. Talet på køyretøy var 60.774 og passasjertalet var 114.774. Det var lågare trafikk i dette sambandet i 2019, enn både i 2017 og 2018. Delen lange køyretøy er 11 prosent.

### **Kvardagar:**

- 13 rundturar.
- Første avgang kl. 05.50 frå Husavik og kl. 06.15 frå Sandvikvåg.
- Siste avgang kl. 20.25 frå Husavik og kl. 20.50 frå Sandvikvåg.
- Opningstida er 14 timar og 35 minutt.

### **Laurdagar:**

- 9 rundturar.
- Første avgang kl. 08.00 frå Husavik og kl. 08.30 frå Sandvikvåg.
- Siste avgang kl. 19.15 frå Husavik og kl. 19.55 frå Sandvikvåg.
- Opningstida er 11 timar og 15 minutt frå Husavik og 11 timar og 25 minutt frå Sandvikvåg.

### **Sundagar:**

- 10 rundturar.
- Første avgang kl. 09.00 frå Husavik og kl. 09.30 frå Sandvikvåg.
- Siste avgang kl. 20.25 frå Husavik og kl. 20.55 frå Sandvikvåg.
- Opningstida er 11 timar og 25 minutt.

### **Vurdering:**

Austevoll kommune er kjent med at Austevoll kraftlag vil gje eiga uttale til fylkeskommunen om ladetilhøve og straumkapasitet. Kommunen har ikkje informasjon om punktet i brevet som gjeld ladetid, batterikapasitet og høvet til å redusere ladetida.

I andre ferjesamband i fylket har behovet for ladetid hatt som konsekvens at talet på avgangar er redusert. I Austevoll er det tilsynelatande har ikkje ladetid ved kai ført til færre ruteavgangar.

Spørsmålet om korrespondanse blir også tatt opp i brevet frå Skysst.

Her er det klart at det er utfordringar i dag, noko også ungdomsrådet har tatt opp. Det gjeld blant anna buss frå Lagunen som skal korrespondere med ferja frå Krokeide kl. 14.55. Denne bussen er ofte forseinka, slik at reisande – ofte elevar ved fylkeskommunale vidaregåande skular som dagpendlar – må stå over éin avgang og får forlenga skulereisa si med 45 minutt.

Når det gjeld rutetilbodet med ferjene, så er det fleire forbetringar som bør gjerast, blant anna:

- Det må minst setjast inn éin ny rundtur på kvardagar i Hufthamar-Krokeide, med avgang frå Hufthamar om lag kl. 01.00 med påfølgjande retur frå Krokeide.
- «Sommarruter» på sundagar i Hufthamar-Krokeide må gjelde heile året, slik at talet på rundturar blir 16.
- På kvardagar må det setjast inn éin ny rundtur i Husavik-Sandvikvåg med avgang i 21.30-22.00 frå Husavik, med påfølgjande retur frå Sandvikvåg. Det blir her blant anna vist til at sambandet Langevåg-Buavåg, som fraktar 106.143 PBE, har siste avgang på kvardagar kl. 22.00 frå Langevåg og 22.30 frå Buavåg. Dette er jamvel ferjesamband til ein kommune med

fast og døgnope vegsamband.

- Det må setjast inn ein ny rundtur på morgonon på laurdagar og sundagar i Husavik-Sandvikvåg, slik at opningstida blir utvida frå dagens kl. 08.00 og 09.00 frå Husavik.
- Det bør setjast inn ein ny rundtur i Husavik-Sandvikvåg der det i dag er opphald mellom avgangar frå kl. 10.15 til kl. 12.15 frå Husavik og frå kl. 09.30 til kl. 11.45.